



ÅRSMELDING 2013

Meland Frivilligsentral er eigmend av Meland kommune.



Meland Frivilligsentral har hatt eit godt og aktivt år i 2013. Engasjerte og positive frivillige, gode samarbeidspartnarar – organisasjonar, det offentlege og private.

Styret Meland Frivilligsentral fram til Årsmøtet i juni 2013:

- Leiar: Olaug Tveit, Meland Helselag
- Nestleiar: Audun Håland, Meland Idrettsråd
- Nils Marton Aadland, Ordførar
- Kåre Skibenes, Leiar for Utval for levekår
- Haldis Dokken Urdal, Administrasjonen i Meland kommune

Nytt styre Meland Frivilligsentral etter Årsmøtet 2013:

- Leiar: Kåre Skibenes, leiar for Utval for levekår
- Nestleiar: Audun Håland, Meland Idrettsråd
- Kjersti Monsen, Nordhordland Røde Kors
- Nils Marton Aadland, Ordførar
- Helge Kvam, Administrasjonen i Meland kommune

Styret for sentralen har hatt 4 styremøter, og behandla 27 saker i 2013.

I januar flytta sentralen frå lokalet i 3 etasje og ned til avdelinga kultur i første etasje på Rådhuset.

Sentralen sine lokaler er utforma slik at aktivitetane stort sett føregår i andre lokaler/stader.

Møter med frivillige og det offentlege føregår på sentralen. Nokre organisasjonar nyttar også lokala til sine styremøter.

Aktivitetar 2013:

Dataklubb for seniorar:



Er eit samarbeid mellom Frivilligsentralen og Meland Helselag. Dataklubben er eit ope tilbod for pensjonistar som ønskjer å øve seg på å bruke data. Kvar måndag frå kl.12 til 14 på Eldresenteret.

Dei som har tek med seg eigne maskiner. Etter søknad fekk Frivilligsentralen 10.000,- frå Trivselskomiteen til innkjøp av to datamaskiner. Desse blir nytta av dei som ikkje har eigen maskin.

Dagleg leiar ved Frivilligsentralen har til no leia aktiviteten saman med enkelte frivillige som har vore med på nokon av treffa. Vi ønskjer fleire datakyndige frivillige som kan vera med

å leia samlingane.

Postadresser

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01
Tlf tenesteområde

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Temakveldar:

To frivillige saman med Frivilligcentralen hadde tre temakvelder for damer våren 2013.

Fotokveld: Folk tok med seg kamera og lærte litt om funksjonar på kameraet, og gode fotomotiv.

Lefsebaking: Vi lånte skulekjøkkenet på Meland Ungdomskule og fekk prøve å lage lefser.

Matkurs: To flyktninge kvinner frå Somalia lærte Melandskvinner å lage Samosa.

Frivillige stilte opp og leia samlingane.

Temakveldane hadde godt oppmøte – og vi fekk gode tilbakemeldingar frå deltakarane.

Besøkstenesta i Meland:

Besøkstenesta er eit samarbeid mellom Frivilligcentralen, Nordhordland Røde Kors og Meland kyrkja.

Tenesta er bygd opp slik at tre frivillige representantar frå samarbeidspartnerane utgjer ei ressursgruppe.

Ressursgruppa har ansvar for å fordele oppdrag til besøksvenene og å følgje opp besøksvenene ved behov.

Gruppa arrangerer sosiale samkomer med besøksvenene ca 4 gonger i året.

Frivilligcentralen tek i mot og videreformidler oppdrag til ressursgruppa. Hjelper til med praktiske gjeremål som annonsering, kopiering, stiller møtelokale til disposisjon, gjer tenesta kjent gjennom sitt nettverk – og følgjer opp besøksvenene når dei frivillige i ressursgruppa har ferie eller er borte av ulike grunnar.

Besøkstenesta har no ca 13 aktive besøksvener. Det er stor variansjon i type aktivitetar dei utfører. Det er alt frå besøk heime, tur ven, følgje til aktivitetar, handleturar kvar tysdag, lærekjøring etc. Oppdraga blir meldt inn frå heimetenesta, NAV, pårørande og dei som ønskjer besøksven.

Meland besøkstenesta ønskjer å rekruttere fleire besøksvener. Frivilligcentralen hjelper til med dette ved å annonser og markedsføre besøkstenesta i ulike samanhenger.

Stemmerettsjubileet:

Dagleg leiar i Frivilligcentralen blei invitert til å vera med i Stemmerettskomiteen. Komiteen vart sett ned etter politisk vedtak, der mandatet var å arbeide for å få til ei lokal markering i samband med stemmerettsjubileet i 2013.

Desse arrangementa blei gjennomført:

Kulturkveld/fest på Nordhordland Folkehøgskule 8.mars 2013.

Utdeling av Kvinnepris i Meland

Fotoutstillinga «Kvinner i kvar dag og fest».

Nattevandring i Frekhaug:

Nattevandringa starta opp 1.mai. Vandrarane var ute og gjekk fredagar og laurdagar i mai, juni, juli til midten av august.

Tilbakemeldingane frå Nattevandrarane syner at det var lite ungdommar ute på nattestid i Frekhaug i den perioden dei var ute.



fekk ei
firmaet
10.000,-
2012.
hadde vi



Nattevandrar
prosjektet
gåve frå
FOURS AS på
i desember
11.april 2013
møte med

nattevandrarane der det blei bestemt at gåva skulle brukast på eit ungdomsarrangement for ungdommar i aldersgruppa 13 – 19 år.

Det blei sett ned ei gruppe som jobba med dette og fredag 28.juni vart arrangementet «Meland Minifestival» gjennomført i kultursalen i Meland Aktiv. På programmet sto konsern med ulike lokale pop/rocke grupper, kunstutstilling laga av ungdommar i Meland og video-installasjon på scena. Erfaringa frå årets nattevandring er at det trengs fleire frivillige for å halda aktiviteten oppe. Frivilligsentralen si oppgåve er å koordinere nattevandringa og arbeide med å rekruttere fleire frivillige.

Ungdomsgruppe:

Hausten 2013 inviterte Frivilligsentralen og kulturkonsulenten inn til eit møte. Vi inviterte to elevar frå elevrådet ved Rossland skule, to elevar frå Meland ungdomsskule og den lokale representanten for unge arrangørar i UKM. Målet var å etablere ei gruppe som skulle vera ei referansegruppe og arrangørgruppe for Meland Minifestival som vi vil arrangere to gonger i året.

Vår målsetjing med gruppa var/er:

- Ungdommane veit sjølv kva som fengjer.
- Dei har eit nettverk som er verdifullt i høve til å nå ut til målgruppa.
- Ved å vere med å arrangere – vil dei få kompetanse på å gjennomføre arrangement, noko som er verdifullt for lokalmiljøa.

Gruppa hadde tre møter i 2013 og jobba med eit ungdomsarrangement på Nordgardsløa i mars 2014. To elevar frå Danielsen ungdomsskule kjem med i gruppa frå 2014.

Den kulturelle Spaserstokken:

Arbeidsgruppa for Den Kulturelle Spaserstokken (DKS) i Meland består av: Klara Hansen, Sigurd Knudsen og Klara Mongstad frå Fellesrådet, Kirsten Jensen frå Helselaget og Nina Randal – Meland Frivilligsentral.

Spaserstokken i Meland fekk 40.000,- frå Kulturdepartementet i 2013.

Program 2013:

I samband med Stemmerettjubileet blei det bestemt at eit av programma for året skulle ha fokus på jubileet. Arbeidsgruppa kontakta Sogelaget i Meland og oppmoda dei om å lage utstillinga i "I kvardag og fest". Ei fotoutstilling med bilder av kvinner i kommunen – i kvardag, fest og i lagsarbeid. Utstillinga blei vist under kulturvelden 21.03.2013, på sjukeheimen og på biblioteket. Utstillinga blei også nytta i samband med kommunen si markering av Stemmerettsjubileet 8.mars på Folkehøgskulen.

Kulturveld: 21.mars var det tradisjonen tru vårens kulturveld for seniorar på Folkehøgskulen. På programmet var: Jon Eikemo «i skjemt og alvor», Måltrastena, Melandsrevyen og jubileumsutstillinga.



1.oktober vart Den Internasjonale Eldredagen markert på Nordhordland folkehøgskule. Dagen blir markert kvart år med ein kulturveld i samarbeid med Eldrerådet. Programmet har faste innslag som tale ved ordføraren og presten. Song ved pensjonistkoret og dans med seniordansarane. Resten av programmet er kulturinnslag som varierar år for år. I 2013 var det kåseri ved Narve Bjørgo og filmen «Livsstil på Hell» av Øyvind Sandberg.

På Meland Sjukeheim vart eldredagen markert med ein konsern av eit Shanty-kor. Gruppa hadde jevnlege møter der planlegging av program, gjennomføring av kulturtiltak og søknad om midlar sto på dagsorden.

Målet er å kunne tilby fleire kultur arrangement på institusjonane i tillegg til Kulturveldar for seniorar.

Overordna samarbeidsavtale med Helse og sosial:

Styret i Meland Frivilligsentral vedtok i møte 29/5 2013 sak 11/13 samarbeidsavtale med Helse og omsorg i Meland kommune.

Avtalen ligg tilgjengeleg på Frivilligsentralen sine nettsider.

Handlingsplan 2013:

Meland Frivilligsentral utarbeidde ein handlingsplan for 2013.

Hovudmåla i handlingsplanen var:

Hovudmål 1 - Frivilligsentralen skal vera ein ressurs for frivillige, lag og organisasjonar i Meland kommune.

Hovudmål 2 - Frivilligsentralen skal koordinere samarbeidsarenaer og drive fram møteplassar.

Hovedmål 3 - Frivilligsentralen skal vere eit sektorovergripande nærmiljøsenter med kompetanse på frivillighet.

Sentralen jobbar etter desse retningslinene.

Integrering av mennesker med nedsett funksjonsevne i organisasjonar:

Gjennom samarbeid med Meland Idrettsråd og ulike idrettslag – har det blitt satt fokus på integrering av mennesker med nedsett funksjonsevne i Meland.

Dette samarbeidet har ført til:

Utdanning av treningskontaktar

Onsdagspadling, Lågterskeltilbod hos Nordhordland padleklubb

Bånn gass – trening for utviklingshemma, Kvernbit

Motorcross kjøring, Meland Motorsport

Foredrag i regi av Meland Idrettsråd

Meland Frivilligsentral er aktiv medspelar i dette arbeidet.

Kommunen fekk etter søknad frå Ramberg legat –Tiltaksmidlar for å styrkja folkehelse og samordning av tenestetilbod for born og unge med nedsett funksjonsevne. Desse midlane har kommunen invitert frivillige lag og organisasjonar til å søkje på. Ein yt tilskot til ulike føremål som både kan styrke eksisterande tilbod, samt bidra til å etablere nye lokale tilbod. Det kan vere ulike former for kultur-, fritids- og aktivitetstilbod. Frivilligsentralen er med i arbeidsgruppe som fordeler midlane etter søknad frå organisasjonar og frivillige.

Møte med lag og organisasjonar:

Dagleg leiar har blitt invitert til fleire samlingar i lag og organisasjonar og ulike tenesteområder i kommunen. I desse møta har dagleg leiar orientert om Meland frivilligsentral, og vi har diskutert ulike former for samarbeid.

Andre arrangement og samarbeid:

- Registrere frivillige – formidle frivillige.
- Bistår frivillige / lag med å søkje midlar til prosjekt.
- Samarbeid med NAV – om tiltak for flyktninger.
- Oppdatere nettsidene til Frivilligsentralen – legge inn arrangement.

- Kurs / konferanser.
- Besøke lag og organisasjonar.

Nettverksgruppa for Nordhordland:

Nettverksgruppa for Nordhordland er eit felles forum for Frivilligsentralane i Nordhordland. Sentralane er: Lindås Frivilligsentral, Austrheim Frivilligsentral, Radøy Frivilligsentral, Masfjorden Frivilligsentral og Meland Frivilligsentral.

Nettverksgruppene sin funksjon er:

- gje dagleg leiar eit nettverk der ein skal diskutere arbeidsrelaterte problemstillingar
- Ein arena for deling av erfaringar for gjensidig læring og utvikling av det praktiske arbeidet i sentralane.

Alle sentralane i Norge er med i eit nettverk.

Regional samling Bergen:

Frivilligsentralane er delt opp i 4 regionar. Meland Frivilligsentral høyrer til region 3 som består av alle frivilligsentralane i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Samlinga er ei årleg samling for styreleiarar og daglege leiarar. Kulturdepartementet dekkjer utgiftene til konferansen og opphold for dagleg leiar og styreleiar.

Regionssamlinga i 2013 var lagt til Bergen

Søknad om statstilskot for 2014 vart sendt Kulturdepartementet innan fristen 30.06.2013. Søknaden vart innvilga med 310.000,-.

Kåre Skibenes
Styreleiar

Nina Randal
Dagleg leiar

Kopimottaker

Dato:
08.05.2014

